



Tømmerlageret på Børneskaia har vore imponerende stort denne sommaren etter avverkninga i Uskedalen, men no minkar det. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad er den kommune i Hordaland som har meldt inn størst avverkning i første halvår i år, med 9.588 kubikkmeter

Rundt 1.000 kubikkmeter av dette kvantumet er i dei siste vekene hogge i Uskedalen (Nedre Feet).

Sidan påske har Nesheim Skogsmaskiner frå Utne, som også hadde oppdraget i Uskedalen, hogge 5.000 kubikkmeter berre i vår kommune og tildels hatt to maskiner i gang..

Det er tilsaman i fylket i første halvår 2008 meldt inn 59.257 kubikkmeter som er 49 prosent meir enn i same perioden i fjor.